

## Vedlegg

### **DØME PÅ FASTSETJING AV STANDARDISERT GEBYR**

Forslaget til ny føreseggn i § 10-3 tek utgangspunkt i kva dekningsgrad kringkastaren eller sendaranlegget har. For lokalkringkastarar og aktørar med konsesjon til å drive lokale sendaranlegg, skal ein ta utgangspunkt i talet på innbyggjarar i konsesjonsområdet for å finne dekningsgraden. For andre aktørar må ein innhente faktiske tal om dekningsgrad frå samferdslemyndigheita. Føresegna fastset så kva gebyret vil utgjere for fem ulike klasser av kringkastarar/sendaranlegg ut i frå talet på potensielle lyttarar/sjåarar.

Det skal også skje ei justering for økonomiske føresetnader slik at ingen må betale meir enn 0,5 prosent av samla omsetning for siste rekneskapsår, likevel slik at ingen betaler mindre enn eit fastsett minstegebyr.

Følgjande døme syner korleis gebyret vil bli fastsett for ulike kringkastarar, nasjonalt og lokalt:

#### A. Aktørar som når ut til meir enn 2 millionar potensielle lyttarar/sjåarar

- Gjeld i dag dei nasjonale kringkastingsaktørane.
- Storleiken på det standardiserte gebyret utgjer 200R<sup>1</sup>, dvs. kr 172.000.
- Alle aktørar med ei samla omsetning på mindre enn 34,4 millionar<sup>2</sup> kroner vil få redusert gebyret tilsvarende 0,5 prosent av samla omsetning.
- Døme:
  - Alle dei nasjonale allmennkringkastarane NRK, TV2, Kanal24 og P4 har ei samla omsetning på meir enn 34,4 millionar kroner og vil såleis få det standardiserte gebyret på kr 172.000. Det same gjeld satellittkringkastaren TVNorge som også har nasjonal dekning.
  - NTV AS, som har fått konsesjon til å drive det digitale bakkenettet, vil også kunne få eit standardisert gebyr fastsett etter nasjonal dekning når det er ferdig utbygd. Det er førebels for tidleg å seie noko om omsetningstal kan redusere storleiken på gebyret.

#### B. Aktørar som når ut til mellom 500.000 og 2 millionar potensielle lyttarar/sjåarar.

- Gjeld i dag kringkastingsaktørane i Oslo, både lokalradio og lokal-tv.
- Storleiken på det standardiserte gebyret utgjer 70R, dvs kr 60.200.
- Alle aktørar med ei samla omsetning på mindre enn 12 millionar kroner vil få redusert gebyret tilsvarende 0,5 prosent av samla omsetning.

<sup>1</sup> Rettsgesbyret utgjer per i dag kr 860.

<sup>2</sup> Kr 172.000 utgjer 0,5 prosent av 34,4 millionar kroner

- Alle aktørar som har ei samla omsetning på mindre enn kr 344.000 vil få eit gebyr som utgjer minstesatsen på 2R, dvs. kr 1.720.
- Døme:
  - Den største kommersielle lokalradioaktøren i Oslo, Radio 1, har ei samla omsetning på meir enn 12 millionar kr årleg, og vil såleis få standardgebyret på kr 60.200.<sup>3</sup>
  - Ein mindre kommersiell lokalradio i Oslo med ei omsetning på 1 million kroner, vil få eit gebyr som utgjer 0,5 prosent av dette beløpet, dvs kr 5.000.
  - Ein mindre lokal foreiningsradio i Oslo med ei omsetning på til dømes kr 300.000, vil få eit gebyr som utgjer minstesatsen på kr 1.720.

#### C. Aktørar som når ut til mellom 50.000 og 500.000 potensielle lyttarar/sjåarar

- Gjeld lokalradio i større konsesjonsområde som til dømes Trondheim, Bergen, Stavanger, Fredrikstad, Kristiansand og Grenlands-området. Gjeld lokal-tv i alle konsesjonsområde med unntak av områda Vinje m.fl., Øst-Finnmark og Vest-Finnmark.
- Storleiken på det standardiserte gebyret utgjer 20R, dvs kr 17.200.
- Alle aktørar med ei samla omsetning på mindre enn 3,44 millionar kroner vil få redusert gebyret tilsvarende 0,5 prosent av samla omsetning.
- Døme:
  - Større kommersielle lokalradioar som til dømes Radio 1 Bergen, Radio 102 i Haugesund, Radio Fredrikstad og Radio Adressa vil kunne få det standardiserte minstegebyret på kr 17.200. Det same gjeld dei fleste lokal-tv-stasjonane i Noreg.
  - Ein mindre lokal-tv-stasjon med ei omsetning på 1,4 millionar kroner vil få eit gebyr som utgjer 0,5 prosent av dette beløpet, dvs kr 7.000.

#### D. Aktørar som når ut til mellom 10.000 og 50.000 potensielle lyttarar/sjåarar

- Lokalradio i mellomstore konsesjonsområde som til dømes Volda m.fl., Bodø, Aremark og Halden, Ringerike og Askøy. Gjeld også dei minste lokal-tv-stasjonane i områda som er nemnt ovanfor.
- Storleiken på det standardiserte gebyret utgjer 8R, dvs. kr 6.880.
- Alle aktørar med ei samla omsetning på mindre enn 1,38 millionar kroner vil få redusert gebyret tilsvarende 0,5 prosent av samla omsetning.

---

<sup>3</sup> For lokalkringkastarane har departementet ved oppstillinga av døma i dette vedleggget tatt utgangspunkt i innrapporterte inntektstal i årsmelding for 2005.

E. Aktørar som når ut til under 10.000 potensielle lyttarar/sjåarar

- Lokalradio i dei minste konsesjonsområda.
- Storleiken på det standardiserte gebyret utgjer 4R, dvs kr 3.440.
- Alle aktørar med ei samla omsetning på mindre enn 688.000 kroner vil få redusert gebyret tilsvarende 0,5 prosent av samla omsetning.
- Minstegebyr utgjer likevel 2R, dvs kr 1.720.